

Steinras ved Øvre Lonovatn sør  
i Ullensvang, juli 2023.  
Foto: Steinar Sigurdsson



# Trygge vegar for liv og helse – blir behovet dekt av ny NTP?

*Rassikring og utbetring av kvardagsvegar som riksveg 13*

## ÅRSKONFERANSEN MÅNDAG 4. MARS 2024 – SCANDIC FLESLAND AIRPORT HOTEL

Fjordvegen Riksveg 13 ønskjer med årskonferansen 2024 å få fram fakta og gode argument for større satsing i neste NTP på liv og helse og samfunnssikkerheit gjennom rassikring generelt og for Riksveg 13 spesielt. Dette er i tråd med nokre av dei overordna fem måla for neste Nasjonale transportplan. Det faglege grunnlaget for auka klimafare er betra og fortel tydeleg at det er smart å rassikra vegnettet.

Me inviterer breidt og opent for at alle interesserte skal møtast, høyra og stilla spørsmål til fagfolk, regjeringa sin representant og nasjonale og regionale politikarar. Dei store Stortingspartia er spurde om å visa kva dei eigentleg vil prioritere i første del av ny NTP, og om dei verkeleg vil setja av midler til rassikring i budsjetta framover.

Til slutt ser me på korleis jobba saman for auka satsing på rassikring - kva skal til for å lukkast?

### TIDSRUM PROGRAMPOST

9.30–10.00 Registrering for Årskonferansen og Årsmøtet. **Mat og kaffi**

### INNLEIARAR

NB. Også registrering for årsmøtet kl 15.40 for medlemmer

### ÅRSKONFERANSEN: Møte- og debattleiar Halvor Folgerø

10.00–10.10 Velkomst frå styret i Fjordvegen Riksveg 13 - dagens tema.

Marta Sofie Vange (H), styreleiar

Vår mediapartner:



FJORDVEGEN.NO

Programmet fortset på neste side.

## TIDSRUM PROGRAMPOST

## INNLEIARAR

**Ny kunnskap og nytt syn på klimafare**

Statens vegvesen og Nye veier var i samband med NTP-arbeidet bedne om å vurdere behovet for klimatilpassing av infrastrukturen og aktuelle tiltak. Korleis prioriterer dei?

Kva synspunkt på rassikring og klimatilpassing kom inn frå andre under høyringsrunden til NTP?

Vil regjeringa ta klimafaren på alvor i sine forslag i ny NTP? Kor blei det av den heilskaplege planen for skredsikring? Ny teknologi for sikring mot stein- og lausmasseskred er under uttesting: Korleis kan dette brukast og kor mykje risiko kan reduserast?

10.10–10.40	Klimaveg-prosjektet – korleis tilpassa vegtransport til klimarisiko. To døme frå rasutsette vegar på vestlandet.	Carlo Aall, <i>leiande seniorforskar Vestlandsforskning og leiar Noradapt</i>
10.40–11.00	NTP: ramer, prosess og innhald - vegsektoren. Rassikring i dette. Høyringsuttalane	Jan Fredrik Lund, <i>avdelingsdirektør strategi, Statens vegvesen</i>
<b>11.00–11.20</b>	<b>Beinstrekk og frukt</b>	
11.20–11.40	Status for Rv 13 langs heile vegen og prosjekt for søndre del, oppfølging av NTP. Kort om SVV sine innspel til ny NTP.	Ellen Johnsen Haaberg, <i>senioringeniør/ruteansvarleg 5a, Statens vegvesen</i>
11.40–12.00	Nye Veier: Strekninga Rv 13 Skare – Sogndal, status og prosess. Kort om NV sine innspel til NTP.	Arild Nygård, <i>leiar Strategi og bærekraft, Nye Veier</i>
12.00–12.10	Bypass skredoverbygg - ny teknologi for rask og god skredsikring.	Kjell Fylkesnes, <i>gründer/dagleg leiar</i>
<b>12.10–13.00</b>	<b>Lunsj og drøs</b>	
	<b>Ein politikk for rassikring - finst den? Partipolitiske syn og brukarerfaringar, debatt og ny mobilisering:</b> Kva krav har Nasjonal rassikringsgruppe og kva ventar deira fylke frå ny NTP? Kva opplev arbeidsfolk på veg til jobb – om mangel på HMS på vegen. Ikkje minst kva meiner seks viktige Stortingsparti om rassikring – skal det verkeleg kunne gå 70 år før kvardagsvegane i Norge kan opplevast trygge heile året? Til slutt: Korleis mobilisera for auka prioritering og raskare rassikring generelt og riksveg 13 spesielt?	
13.00–13.15	NTP må møta dagens og framtidens rassikringsbehov	Randi W. Frisvoll (KrF), <i>ny leiar i Nasjonal Rassikringsgruppe</i>
13.30–13.45	LO og Norsk Arbeidsmandsforbund - HMS på vegen? Om mangel på rassikring av riksveg 13.	Stian Ollila, <i>hovudtillitsvald Norsk Stein, Jelsa og avd.leiar Norsk Arbeidsmandsforbund (NAF) avd. 7 sørvest og Frode Engen, forbundssekretær i NAF</i>
13.45–14.00	NTP 2025-2036 – kva vil regjeringa?	Tom Kalsås (Ap), <i>Statssekretær i Samferdsels-departementet</i>
<b>14.00–14.15</b>	<b>Beinstrekk, korridorpolitikk og småmat</b>	
14.15–14.40	Utfordringar til nasjonale politikarar i fem parti: Kva legg partia vekt på i sine prioriteringar vidare, og korleis oppnå full rassikring på under 70 år?	Sigbjørn Gjelsvik (Sp), Frank Edvard Sve (FrP), Liv Kari Eskeland (H), Marte Mjøs Persen (Ap), Mona Fagerås (SV); <i>Stortingsrepresentantar frå Transport- og kommunikasjonskomiteen</i>
14.40–15.10	Debatt: politisk panel med Stortingsrepresentantar og sal	
15.10–15.30	Panelsamtale: Korleis påverka for meir og raskare rassikring? Vegen vidare for riksveg 13 i NTP-prosessen	Jon Askeland, <i>fylkesordførar Vestland (Sp)</i> , Ingvald Torblå, <i>styreleiar i Hardanger Industri og styremedlem i Fjordvegen</i> , Lasse Fredheim, <i>leiar i Samferdselsutvalet, Rogaland (H)</i> og Arve Helle, <i>leiar i Utval for Samferdsel og mobilitet, Vestland (Ap)</i>
15.30–15.35	Avslutning	Marta Sofie Vange (H), <i>styreleiar</i>
15.40–17.00	<b>ÅRSMØTE FOR FJORDVEGEN RIKSVEG 13</b>	<b>For medlemmer. Registrering om morgonen og i salen.</b>

Kontakt for programmet: Fjordvegen Riksveg 13 v/Hanne Sundbø - Tlf. 982 19 973 - hanne@hagalid.net

**Påmelding og informasjon:**

**FJORDVEGEN.NO**

Atterhald om programendringar